



## Notat

Vår referanse  
21/122 21/14613

Dykkar referanse

Sakshandsamar  
Cecilie Breiteig

Dato  
04.11.2021

## Merknadsvurdering | 1. gongs høyring

Avsendar	Innspel/Merknad	Kommentar
Landbrukskontoret	Ingen merknad	OK
Statens vegvesen	Ingen vesentleg merknad	OK
Møre og Romsdal fylkeskommune	Ingen merknader til planframlegget	OK
Kystverket	Ingen merknad på endringar	OK
Mørenett	Mørenett har ei høgspenlinje i planområdet som utbyggjar må ta omsyn til ved planlegging av hyttefelt. Høgspenlinja er ei belagt line og det må ikkje byggast nærare enn 4m frå nærmaste fase. Dersom linja må leggest i kabel, må utbyggjar koste dette.	Tatt til vitande. Forslagsstillar skriv at dei vil avklare ein eventuell omlegging med Mørenett.
NVE	Gjer merksam på at skredfarevurderinga frå 2015 ikkje har ein kvalitet som er forventa i dag.	Viser til uttale frå GEO Breiteig. Dei vurderer rapporten til å vere tilfredsstillande.
	Omsynssone H310 for eit mindre område i øvre del av planområdet. Arealformålet er landbruk, og i tilhøyrande framlegg til føresegn §9.2 er det sett forbod mot tiltak innanfor omsynssona. Kjem ikkje fram av føresegn eller plankart kva sannsyn for skred som er vurdert innanfor omsynssona. Dersom omsynssona representerer fare med større sannsyn på 1/1000, rår NVE til at det kjem klart fram av plandokumenta. Vi rår til følgjande ordlyd for tilhøyrande føresegn: «H310: skredfaren innanfor	Forslaget er teke med i føresegnene. Merknaden er imøtekome.

	<p><i>omsynssona har større årleg sannsyn enn 1/1000. Innanfor omsynssona er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S2 og S3 (jf. byggeteknisk forskrift §7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik å dokumenterast av fagkyndige»</i></p>	
	<p>Meina vurderingane knytt til tiltak i strandsona og utfylling i sjø er mangelfulle, sjølv om det i gjeldande plan også er opna for slike tiltak. NVE rår til å innarbeide krav i føresegna om grunnundersøkingar og geoteknisk detaljprosjektering for å vurdere skredfare og stabilitet for tiltak i strandsona, før slutthandsaming av planen.</p>	<p>Det visast til vurderinga frå GEO Breiteig av 03.11.2021. Det vurderast der at sannsynet for eit bakoverretta områdeskred ikkje er til stades. Det same gjeld sannsynet for eit framoverretta områdeskred under havnivå. Det vert derfor vurdert at eit slikt krav i føresegna ikkje er naudsynt.</p>
	<p>Overvatn. NVE rår til å bruke tretrinnsstrategien som verktøy for å handtere nedbør og overvatn, i hovudsak på overflata. NVE meina det bør kartlegge eksisterande avrenningslinjer i og ved planområdet. Samt at framtidige flaumvegar for trygg avleiing av overvatn bør visast i plankart og sikrast tilstrekkeleg kapasitet.</p>	<p>§10.3 i føresegna still krav om at tekniske planar skal godkjennast av kommune før utbygging tek til. Dette vert anslått å vere tilstrekkeleg tryggleik for handtering av overflatevatn.</p>
	<p>NVE meina at reguleringsplanen må gjere greie for storleiken på planlagt uttak, grunnvassmagasinet sine eigenskapar, influenseområde, og eventuelle negative konsekvensar for influensområdet. Dersom vassuttaket ikkje er avklara i reguleringsplanen må det setjast krav i føresegnene om eigen handsaming etter vassressurslova. NVE ber om at det alternativet vert innarbeidd rekkefølgekrav</p>	<p>Tiltakshavar viser til betydelig overkapasitet i forhold til behovet som vil vere aktuelt for formåla i reguleringsplanen.</p> <p>Uttale frå FS «Ved å regne 50% samtidighetsfaktor er kalkulert vannforbruk på 1 500 l/døgnet. Dette representerer et vannforbruk på 10% av kapasiteten til brønnen» Vedlagt ligg faktaark for vassbrønn, samt kalkyle over vassforbruk.</p>

	om at planlagt vassuttak vert særskilt handsama etter vassressurslova.	
DMF	Informasjon om uttaksområde, volum, type massar, tidsperspektiv og vurdering av om massane er egna for utfyllingsføremålet bør difor avklarast i plandokumenta eller ved at tiltakshavar tek direkte kontakt med DMF for å avklare om minerallova gjeld for uttak knytt til føreslegne tiltak.	Sporstøl har vore i kontakt med DMF. DMF vurderer at tiltaket fell utanfor minerallovas verkeområde. Meldeplikta etter minerallova §42 gjeld heller ikkje. Merknaden er avklart.
Statsforvaltaren	Kjem ikkje fram av ROS-analysen, planomtalen eller føresegn kva skredfare omsynssona syner. Ber om at planføresegna knytt til omsynssona presiserer kva skredfare sona dekker.	Det vert teke inn i føresegnene kva skredfare omsynssona syner.
	Vurdering av massestabilitet i strandsona. Sidan vurderinga vart gjort i 2015 har NVE oppdatert sin rettleiar « Sikkerhet mot kvikkleireskred». Må alltid gjerast grunnundersøkingar og geoteknisk detaljprosjektering for å vurder skredfaren og stabilitet for tiltak i strandsona. Kommunen må sikre tilstrekkeleg tryggleik for planlagde tiltak i strandsona i tråd med føringane til NVE.	Visast til vurdering frå GEO Breiteig datert 03.22.2021. Forholda er avklara.

Med helsing

Cecilie Breiteig  
planleggar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Vedlegg

Høyring - offentlig ettersyn - detaljregulering for Hyttefelt Alme - reguleringsendring

Merknad til detaljregulering for Hyttefelt Alme - planident 2021001

Merknad til detaljregulering for Hyttefelt Alme - planident 2021001

Hareid kommune  
Rådhusplassen 5  
6060 Hareid

www.hareid.kommune.no  
postmottak@hareid.kommune.no

Sentralbord: 70 09 50 00  
Org. nr: 964 979 278  
Kontonr: 4093.07.00195

## Vedlegg

Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av endring av detaljregulering for Hyttefelt på Alme gbnr. 60/3 m.fl. i Hareid kommune

Uttale til høyring og offentleg ettersyn av endring i detaljregulering for Hyttefelt Alme - Hareid kommune - Møre og Romsdal fylke

Uttale - Høyring offentleg ettersyn - Detaljregulering for Hyttefelt Alme - reguleringsendring - planID 20210001 - Hareid kommune

Innspel til Høyring/offentleg ettersyn - Detaljregulering for Hyttefelt Alme - Hareid kommune PlanID 20160002

Innspel detaljregulering Hyttefelt på Alme i Hareid kommune - planid 20210001

Hareid kommune - detaljregulering - reguleringsendring - hyttefelt på Alme - fråsegn til offentleg ettersyn

NVE sin uttale - Offentleg ettersyn - Detaljreguleringsplan - Hyttefelt på Alme - Hareid kommune